

Hordaland fylkesbibliotek
Postboks 7900
5020 Bergen



Tildeling - Kjelda - formidling av digital kunnskap

Vi visar til dykkar søknad om utviklingsmidlar til prosjektet *Kjelda - formidling av digital kunnskap*. Nasjonalbiblioteket (NB) har bestemt å støtte prosjektet dykkar med kr. 300 000,- i 2017.

Spesielle føringar

Tilskotet er til første året i eit toårig prosjekt. Prosjektet kan rekne med å få tildelt same beløp i neste prosjektår. NB legg vekk på at prosjektet skal finne fram til ei berekraftig forretningsmodell for deling av digitalt innhald.

Vi ber om å få tilsendt revidert prosjektplan dersom tildelt beløp eller føringar medfører behov for vesentlege justeringar i prosjektet.

Utbetaling av tilskot

Tilskotet vil bli overført seinast 01.09.2017, *under føresetnad av at vedlagte akseptskjema er underteikna og returnert og at føresetnadene er aksepterte.*

Frist for å returnere akseptskjema er 01.06.2017.

Kunnskapsoverføring


Ved presentasjonar og i rapportar skal det opplysast at prosjektet er støtta av Nasjonalbiblioteket.

Prosjekt rapportar vil kunne bli publiserte på NBs nettsider og bli brukte i anna publisering frå Nasjonalbiblioteket. Prosjekteigar kan bli beden om ein artikkel/rapport som kan inngå i NBs publisering.


Det er ein føresetnad at deltakarane i prosjektet ved seinare høve vil stille opp på kurs, seminar o.l. for å formidle erfaringar. Standardar og kunnskap som kjem ut av prosjektet skal kome andre institusjonar til gode.

Vi ønskjer lukke til med prosjektet!

Med vennleg helsing



Aslak Sira Myhre
Direktor Nasjonalbiblioteket



Svein Arne Tinnestad
Stabsdirektor

Vedlegg:
Generelle føresetnader
Akseptskjema